

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

Anne-Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Røysting (forslaget om utsetjing)

Det var 56 representantar til stades.

Njærheim sitt forslag fekk 6 røyster (V, MDG) og fall.

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannen får fullmakt til å komplettere saka. Fylkesutvalet får den som melding.»

Røysting (saka)

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek eigarstrategien slik den ligg føre.
2. Hordaland fylkeskommune skal legge dei 21 tilrådingane frå KS Eigarforum til grunn for si utøving av eigarstyringa.
3. Fylkesutvalet er Hordaland fylkeskommunes eigarutval og har endeleg avgjerd i saker som gjeld eigarskap, med unnatak av eigarskapsmeldinga som skal fremjast for fylkestinget. Dette innarbeidast i delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune.
4. Når det veljast varamedlem til styrene i ulike selskap skal dei veljast numerisk og ikkje som personlege vara i dei høva det ikkje er vedtektsfesta i selskapet at varamedlem skal vere personlege. I selskap fylkeskommunen eig meir enn 50% skal det fremjast forslag til generalforsamling om vedtektsendring som gjer det mogleg å velje numeriske vara.
5. **Generalforsamlingar:**
Det er fylkesordførar, fylkesvaraordfører eller den dei gjev fullmakt som deltek i generalforsamlinga som eigarrepresentant på vegner av Hordaland fylkeskommune. Fylkesutvalet skal i byrjinga av kvart år handsame sak om eigarrepresentasjon i selskapas generalforsamlingar. Fortrinnsvis skal eigarrepresentantane veljast blant fylkesutvalets medlemer, om ikkje fylkesordførar/fylkesvaraordførar kan møte. Eigarrepresentantane skal representere fylkeskommunen i rolla som eigar i generalforsamlingane. Hordaland fylkeskommune skal møte med eigarrepresentant i generalforsamlingar i alle selskap fylkeskommunen har eigardel i.
6. Fylkestinget vedtek malar for styreinstruks, styrets eigenevaluering og retningsliner for valnemnder slik dei ligg føre.
7. Det skal utarbeidast eigarskapsmelding kvart år som vert handsama av fylkestinget. Eigarstrategien skal reviderast i samband med første eigarskapsmelding i valperioden. Eigarskapsmeldinga kan vere forenkla, med unnatak av første året i valperioden.
8. Retningsliner for styremedlem vald av Hordaland fylkeskommune gjeld alle verksemder, både selskap og stiftingar.

9. Stiftingar kor Hordaland fylkeskommune er representert i styret skal inkluderast i eigarskapsforvaltninga.
10. Hordaland fylkeskommune ber styrene i selskapa sette dato for generalforsamlinga så tidleg som mogleg og seinast 6 veker før generalforsamling skal haldast.
11. Fylkestinget ber fylkesutvalet som eigarutval vurdere på nytt i kva grad og på kva måte den nye fylkeskommunen skal vere medeigar/eigar i noverande selskap – før dette blir tema i fellesnemnda.
12. Fylkesrådmannen får fullmakt til å komplettere saka. Fylkesutvalet får den som melding.